

Fra: Rolf Rosenlund (Rolf.Rosenlund@hfk.no)

Sendt: 28.06.2018 10:55:48

Til: 'Hopperstad, Thore'

Kopi: 'Golis, Natalia'; Guro Klyve; 'Øyre Lars'; 'Nielsen Carl-Erik'; Håkon Rasmussen

Emne: Bruravik kai - leige av arealet

Vedlegg:

Hei

Me syner til e-post den 27. juni 2018. Ulvik herad ber der om at Hordaland fylkeskommune går i dialog med interessenten, AkvaTotal AS om leige av arealet på Bruravik kai, slik at dei kan komme i gang med forprosjektet. Vedlagt fylgde utkast til 10 års leigeavtale for kai og sjøområde mellom Akva Total AS og Ulvik herad.

Hordaland fylkeskommune ynskjer å avhenda kaiområdet, då det ikkje lenger er trong for det i den fylkeskommunale drifta. Eventuelt å inngå ein 10-årig avtale om utleige bryt med føremålet med salet, og det vil setja fylkeskommunen i ein vanskeleg situasjon dersom Ulvik herad vel å ikkje kjøpa anlegget. Fylkeskommunen vil då sitja med eit anlegg med ein leigeklausul som gjer at anlegget ikkje er salbart til andre eventuelle interessentar. Ein eventuell leigeavtale på 10 må handsamast politisk i fylkeskommune, jfr delegasjonsreglementet vårt. Fylkeskommunen har heller ikkje høve til å leiga ut sjøarealet. Utleige av Bruravik kai er såleis ikkje noko som fylkeskommunen vil gå inn på.

Alternativet til dette er at Ulvik herad inngår leigeavtale med Akva Total AS med atterhald om at Ulvik herad tek over kaianlegget. Våre vilkår for det er heradet kjent med.

Helsing

Rolf Rosenlund
Seksjonsleiar
Samferdselsavdelinga
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 924 38 193
www.hordaland.no

Fra: Hopperstad, Thore <Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>

Sendt: onsdag 27. juni 2018 10:41

Til: Rolf Rosenlund <Rolf.Rosenlund@hfk.no>

Kopi: Morten Midtbø <morten.midtbo@gmail.com>; Golis, Natalia <Natalia.Golis@ulvik.kommune.no>; Thorbjørnsen, Hans Petter <Hans.Petter.Thorbjornsen@ulvik.kommune.no>

Emne: VS: Vedørende AkvaTotal AS sin etablering i Ulvik

Hei!

Eg viser til vårt møte i Bergen vedk Bruravik brygge og til vårt foreløpige svar på dykkar tilbod om kjøp av arealet. I lys av dette viser eg til epost nedanfor med vedlagte dokument.

Eg ber om at Hordaland fylkeskommune går i dialog med interessenten, AkvaTotal AS om leige av arealet på Bruravik brygge, slik at dei kan komme i gang med sitt forprosjekt. Dette skulle dei etter planen allereie vore i gang med.

Dersom Ulvik herad på eit seinare tidspunkt overtek eigarskapen til Bruravik brygge, så vil vi kunne overta ein slik leigeavtale på gitte vilkår. Det som vil vere viktig for heradet, uavhengig av eigarskap er at AkvaTotal AS forpliktar seg til å rydde opp etter seg, både på land og i sjø, dersom det skulle bli ei avvikling av verksemda, frivillig eller tvungen. Dette bør inn i avtalen.

AkvaTotal AS v/Morten Midtbø har vore i kontakt med meg på nytt i dag og eg har rådgjeve han til å ta ny kontakt med fylkeskommunen om saka neste veke.

Vedlagte utkast til leigeavtale, motteke frå AkvaTotal AS må sjølvsagt korrigerast, då den evt vil vere mellom

Hordaland fylkeskommune og AkvaTotal AS.

Mvh
Thore Hopperstad
Rådmann, Ulvik herad
Tlf 4000 7158

Fra: Morten Midtbø [<mailto:morten.midtbo@gmail.com>]
Sendt: søndag 17. juni 2018 16.18
Til: Golis, Natalia <Natalia.Golis@ulvik.kommune.no>; Hopperstad, Thore <Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>
Kopi: Ivar Andreassen <ivar.andreassen@gmail.com>; Thorbjørnsen, Hans Petter <Hans.Petter.Thorbjornsen@ulvik.kommune.no>
Emne: Vedørende AkvaTotal AS sin etablering i Ulvik

Hei,

Se vedlagte brev av 17 juni 2018 samt tidligere innsendte brev fra 8. juni.

Mvh,

AkvaTotal AS

--

Mvh

Morten Midtbø
+47 94 16 13 39